



Vestre Slidre
kommune

Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028

INNHALD

1	formål	1
1.1	Bakgrunn	1
1.2	Definisjonar § 1-3	1
2	GENERELLE BESTEMMELSAR.....	2
2.1	Løyveperiode:	2
2.2	Begrensing med omsyn til tal på løyver.....	2
2.3	Bruk av vilkår	2
3	RETNINGSLINER FOR TILDELING/UTØVING AV SALS- OG SKJENKELØYVE	3
3.1	Sal- og skjenketider	3
3.2	Fast salsløyve.....	3
3.3	Fast skjenkeløyve.....	4
3.4	Ambulerande skjenkeløyve	4
3.5	Skjenkeløyve for enkelthøve, § 1-6	5
3.6	Stader det ikkje blir gitt skjenkeløyve.....	5
3.7	Kontroll med sals- og skjenkeløyve, § 1-9	5
4	REAKSJONAR VED BROT PÅ ALKOHOLLOVGJEVNINGA	7
4.1	Prikktildeling for brot på heimlane i alkohollova.....	7
5	KUNNSKAPSPRØVE.....	9
6	GEBYR FOR SAL OG SKJENKING	10
6.1	Gebyr for sal og skjenking.....	10
6.2	Gebyr for enkeltanledningar og ambulerande løyve.....	10
7	koMMUNALE ARrangement	11
8	DELEGERING	12
9	EVALUERING.....	13



1 FORMÅL

1.1 Bakgrunn

I alkohollova § 1-7d heiter det at kommunen skal utarbeide alkoholpolitisk handlingsplan. Alkoholpolitisk handlingsplan skal være ein del av kommunen sin rusførebyggjande handlingsplan. Alkoholpolitisk handlingsplan skal vere vedtatt av kommunestyret før fornying av sals- og skjenkeløyve blir behandla.

Alkohollova

§ 1-1. *Lovens formål.*

Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.

Forskrift til alkoholloven

§ 2-1. *Salg og skjenking av alkoholholdig drikk skal foregå på en slik måte at skadevirkningene begrenses og alkoholpolitiske og sosiale hensyn ivaretas.*

Alkoholpolitisk handlingsplan set retningslinjer og rammer for Vestre Slidre kommune sin løyvepolitikk i perioden 01.07.2020-31.06.2024.

1.2 Definisjonar § 1-3

I Alkohollova er alkoholholdig drikk all drikk som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol, likevel slik at aldersgrensebestemmelsen i § 1-5 og gjeld på drikk mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol.

- alkoholholdig drikk **gruppe 1**: drikk som inneheld over 2,5 og høyst 4,7 volumprosent alkohol.
- alkoholholdig drikk **gruppe 2**: drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- alkoholholdig drikk **gruppe 3**: drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

Sal, jf. alkohollova § 1-4: Med salg forstås overdragelse av alkoholholdig drikk til forbruker mot vederlag for drikking utenfor salgsstedet.

Skjenking, jf. alkoholloven § 1-4: Med skjenking forstås salg for drikking på stedet.

2 GENERELLE BESTEMMELSER

Søknad om salsløyve sendast av den juridiske eininga med det økonomiske ansvaret til den kommunen butikken ligger i. Det gis som hovudregel løyve til sal av alkohol i gruppe 1: Drikk som inneheld mellom 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.

Søknad om salsløyve er ikkje nødvendig for drikk som inneheld under 2,5 volumprosent alkohol.

Det er opp til kommunen å vurdere om en søknad om bevilling skal bli innvilga dersom vilkåra for å få bevilling elles er oppfylt. Et avslag skal alltid grunngjevast.

2.1 Løyveperiode:

§ 1-6. *Bevillingsperioden.*

Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunal bevilling til salg av annen alkoholholdig drikk enn nevnt i første ledd og til skjenking av alkoholholdig drikk kan gis for perioder inntil 4 år, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Slike bevillinger kan dessuten gis for en bestemt del av året, og for en enkelt bestemt anledning.

Kommunen kan beslutte at bevillinger etter første og annet ledd likevel ikke skal opphøre, men gjelde videre for en ny periode på inntil fire år med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Kommunen kan beslutte at ingen bevillinger skal opphøre eller fastsette nærmere retningslinjer for hvilke bevillinger det må søkes om fornyelse for. Ved fastsettelse av disse retningslinjene kan kommunen legge vekt på de samme forhold som ved behandling av ny søknad, jf. § 1-7a. Istedenfor krav om fornyelse kan kommunen endre eller fastsette nye vilkår for bevillinger i samme utstrekning som ved behandling av ny bevilling, jf. §§ 3-2 og 4-3.

Beslutninger etter tredje ledd kan bare fattes dersom kommunen etter kommunevalget har foretatt en gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen, herunder vurdert bevillingspolitikken.

2.2 Begrensing med omsyn til tal på løyver

Det blir ikkje fastsett ei øvre grense for talet på skjenkeløyve då det pr. i dag ikkje er mange skjenkestader i Vestre Slidre kommune.

2.3 Bruk av vilkår

Innafor rammene som følgjer av alkohollova kan det stillast relevante vilkår ved tildeling av sals- eller skjenkeløyve, jf. alkohollova §§ 3-2 og 4-3.

3 RETNINGSLINER FOR TILDELING/UTØVING AV SALS- OG SKJENKELØYVE

3.1 Sal- og skjenketider

Salstider:

Tida for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå kl.08.00 til kl.20.00 på kvardagar og frå 08.00 til kl.18.00 på dagar før søndagar og heilagdagane unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. Sal og utlevering kan ikkje skje på søndagar og heilagdagane, 1. og 17. mai

Skjenketider:

Alminneleg skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 kan skje frå kl.13.00 til 24.00. Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 1 kan skje frå kl.08.00 til 01.00.

Etter søknad kan kommunestyret eller den det gir fullmakt, gjera følgjande unntak frå den alminnelige skjenketida:

- a) Serveringsstad med rett til å skjenke alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2, kan gis skjenketid til kl.02.00.
- b) Serveringsstad med rett til å skjenke alkoholholdig drikk i gruppe 1, 2 og 3 kan gis skjenketid til kl.02.00.
- c) Skjenking ved ute-servering avsluttar skjenking kl.23.00 der uro kan være til sjenanse.

Serveringsstadar i Vestre Slidre kommune som har rett til å skjenke alkohol utover kl.24.00, kan ha oppe ein halv time etter at skjenketida er over, men ikkje etter kl.02.30.

Skjenking av brennevin mellom kl.03.00 og 13.00 og skjenking av øl og vin mellom kl.03.00 og 06.00 er forbode, og kommunen kan ikkje gje løyve til utvida skjenketid ut over desse tidene, jf. alkohollova § 4-4.

3.2 Fast salsløyve

Krav til informasjon

Salsstadene skal ha god informasjon om aldersgrenser, legitimasjonsplikt og salstider, samt ei plassering der alkoholfri og alkoholhaldig drikk ikkje kan forvekslast.

Matvareforretningar

Matvareforretningar som tilsvara daglegvareforretningar kan innvilgast løyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1.

Bryggerier og mikrobryggeri

Bryggeri og mikrobryggeri kan innvilgast løyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 frå eigen produksjon. Bryggerier og mikrobryggeri må ha tilverknadsløyve for å innvilgast salsløyve, jf. alkohollova § 6-1.

Salsløyve og skjenkeløyve kan ikkje utøvast i same lokale. Dette inneberer at salsstader skal være fysisk åtskild frå skjenkestader. Det kan gis dispensasjon, jf. endringar i alkohollova for verksemdar med bygrensa opningstid eller få tilsette.

Nettsal

Det kan gjevast bevilling for nettsal av gr. 1, jf. alkoholova § 3-1, til matvareforretningar og lokale bryggeri som allereie har salsløyve i Vestre Slidre kommune med følgjande vilkår:

- Bestilling av alkoholhaldig drikk må ikkje ekspederast med mindre bestillinga inneheld fullstendige opplysningar om kjøpars namn, adresse og alder, jf. alkoholforskriften § 3-5.
- Utlevering av varer må skje innafor dei opningstider som gjeld bevillinga.
- Det må gå fram av søknaden om varene skal leverast ut frå eit bestemt betjent lokale eller om det skal skje ved utkøyring.
- Løyve til nettsal gjeld berre bestillingar gjort via internett med brukarinnlogging for dokumentasjon over bestilling og handel.
- Varene kan berre leverast ut til den som har bestilt varane. Dersom vedkommande ikkje er heime eller fyller dei andre kriteria skal varene returnerast til butikk.
- Ved alle leveringar som inneheld aldersbestemte varer skal den som tek imot varene signere for mottak.
- Den som har løyvet er ansvarleg for at utleveringa skjer innanfor alkoholova sine rammer, jf. blant anna reglar om aldersgrenser, salstider, forbod mot utlevering til personar som openbart er påverka av rusmidlar, og krav om forsvarleg utøving av løyvet (§§ 1-5, 3-7, 3-9 og alkoholforskrifta § 3-1).
- Søknad om bevilling må skje til kommunen der verksemda er lokalisert/lokalet ligger. I tillegg må det søkast om kommunal bevilling i alle kommunar det skal utleverast alkoholhaldig drikk.

AS Vinmonopol

Dersom det vert oppretta vinmonopol i Vestre Slidre, vil vinmonopolutsal innvilgast salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3. Salsløyve for vinmonopolet opphøyrer ikkje og vidareførast kvar periode utan at det må søkast om nytt løyve.

For AS Vinmonopolet gjeld spesielle reglar jf. alkoholova §§ 1-7b, 1-7c, 1-9, samt kapittel 3 og 7.

3.3 Fast skjenkeløyve

Vestre Slidre kan innvilge skjenkeløyve for kvar enkel skjenkestad ut frå ei heilskapleg vurdering av driftskonsept, beliggenheit, skjenkestadens storleik og innreiing, målgruppe, samt uttale frå andre offentlege myndigheiter. Det skal leggjast vekt på om søkjar eller andre personar med vesentleg innflytelse på verksemda er egna til å ha løyve, jf. alkoholovas §§ 1-7a, 1-7d.

Uteservering

Det blir ikkje knytt vilkår til at alkoholholdig drikk gruppe 3 berre skal skjenkast innandørs. Ved tildeling av skjenkeløyve utandørs skal skjenkearealet definerast klart og ligge nært inntil godkjent skjenkelokale. Området skal være fysisk avgrensa frå offentlig ferdsel.

3.4 Ambulerande skjenkeløyve

Ambulerande skjenkeløyve kan gjevast til enkeltpersonar for skjenking til deltakarar i slutta selskap.

§ 4-5 Kommunestyret kan gi en eller flere bevillinger som ikke blir knyttet til bestemt person eller skjenkested, og kan tillate at en eller flere av disse bevillinger blir utøvd på et sted eller steder som godkjennes for en enkelt anledning og for skjenking til deltakere i sluttet selskap. En ambulerende bevilling kan ikke utvides til å omfatte tilvirkning eller innførsel av alkoholholdig drikk for skjenking i egen virksomhet.

Ambulerande løyve er tenkt brukt ved bryllaup, jubileum og liknande arrangement. Slike løyver gis vanlegvis til selskapslokale.

Ambulerande løyver kan gis for all alkoholhaldig drikk, men berre til slutta selskap. Det kan gis ambulerande løyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3 til skjenkestader som berre har ordinær bevilling for gruppe 1, under føresetnad av at det skjenkast til eit slutta selskap.

Med «slutta selskap» meinast at det allereie, og før skjenkinga byrjar, er danna ein slutta krets av personar, som samlast for eit bestemt formål i et bestemt lokale, f.eks. til bryllaup, konfirmasjon, jubileum osb.

Kretsen av personar må ikkje være open for utanforståande. Deltakarane må ha ein eller anna tilknytning til den eller dei som inviterer til selskapet. Det er ikkje tilstrekkeleg at man før skjenkinga byrjar skriv seg på ei liste eller kjøpar billett. Det har ingen betydning om talet på gjestar er begrensa, eller at arrangementet i innbydinga eller i ein annonse er kalla «slutta selskap». Dersom eit arrangement for eksempel finner stad i eit selskapslokale, må initiativet (invitasjon) kome frå arrangør av arrangementet, ikkje frå selskapslokalet. Det skal utpeikast styrar for bevillinga. Det kan krevjast at det peikt ut stadfortredar for skjenkebevillinga etter ei heilskapleg vurdering av arrangementets art, beliggenheit, uttaler, målgruppe, samt på forhånd fastsett program.

Det er ikkje krav om at styrar og stadfortredar skal ha bestått kunnskapsprøve i alkohollova

3.5 Skjenkeløyve for enkelthøve, § 1-6

Det kan gis løyve for skjenking for enkeltanledning, dvs. skjenking ved spesielle arrangement i lokalar der det normalt ikkje er lov å skjenke, for eksempel på festivalar og ved arrangement på grendehus, samfunnshus og liknande.

Det kan innvilgast salsbevilling for ei enkelt anledning, som ikkje omfattast av ein fast bevilling, og som strekker seg over periodar på inntil 7 samanhengande dagar, etter ei heilskapleg vurdering av arrangementets art, beliggenheit, uttaler målgruppe, samt på forhånd fastsett program.

Ved større arrangement skal uttale innhentast frå politi og brannvesen. Det skal alltid utpeikast styrar og stadfortredar for bevillinga. Det kan gis dispensasjon frå krav om stadfortredar etter ei heilskapleg vurdering av arrangementet art, beliggenheit, uttaler og målgruppe, samt på forhånd fastsett program. Det er ikkje krav om at styrer og stadfortredar skal ha bestått kunnskapsprøve i alkoholloven.

Det kan også etter søknad gis skjenkeløyve for ein bestemt del av året.

3.6 Stader det ikkje blir gitt skjenkeløyve

Det blir ikkje gitt skjenkeløyve på stader/arrangement som er berekna for barn og unge.

3.7 Kontroll med sals- og skjenkeløyve, § 1-9

Kommunedirektøren har ansvar for å administrere tilsyn og kontroll på sals- og skjenkestader, for å sikre at sal og skjenking skjer i samsvar med lov, forskrifter og i h.h.t. løyvet som er gitt. Eksternt firma gjennomfører kontrollen. Kontrollane skal utførast så ofte som det er behov. Kvar stad skal kontrollerast minst ein gang årleg. Det skal årleg utførast minst tre gonger så mange kontroller som det er sal- og skjenkeløyve i kommunen, jf. forskrift 8. juni 2005 nr. 538 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 9-7.

Personane som skal utføre kontrollane i Vestre Slidre kommune må dokumentere at dei er kvalifisert til å utføre oppdraget. Utgiftene til kontroll blir dekkja av sals- og skjenkegebyr. Administrasjonen får tilsendt rapportane frå kontrollørane - og eventuelt politiet - og skal avgjera om det er grunnlag for å reagere.

Ved overtreding som åleine eller saman med tidlegare overtredingar gir ein prikkbelastning som tilsvara ein midlertidig inndraging av skjenkeløyvet skal saka sendast til kommunestyret for behandling. Kommunestyret vedtek om midlertidig eller permanent inndraging skal effektuerast.

4 REAKSJONAR VED BROT PÅ ALKOHOLLOVGJEVNINGA

I h.h.t. forskrift til alkohollova § 9-1 har kommunen ansvar for kontroll med utøvinga av kommunal bevilling til skjenking av alkoholholdig drikk, sal av alkoholholdig drikk i gruppe 1.

Frå 01.01.2016 er det innført eit prikktildelingssystem der det med utgangspunkt i kontrollrapportane blir gjeve prikktildeling i høve til type brot. Det kan også gjevast prikktildeling med utgangspunkt i avviksrapportar frå politiet.

Har løyvehavar i løpet av ei periode på to år fått tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Om det i løpet av ein to årsperiode blir tildelt fleire enn 12 prikkar, skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarende.

4.1 Prikktildeling for brot på heimlane i alkohollova

Kap. 10. forskriftens § 10-3.

Følgende overtredelser fører til tildeling av åtte prikker:

- *salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 annet ledd*
- *brudd på bistsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften*
- *brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7*
- *hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.*

Følgende overtredelser fører til tildeling av fire prikker:

- *salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften*
- *brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-7 og § 4-4*
- *skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5*
- *første ledd*
- *brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.*

Følgende overtredelser fører til tildeling av to prikker:

- *det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften*
- *mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholloven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften*
- *manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften*
- *manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften*
- *brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholloven § 1-7c*
- *gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd*
- *gjentatt diskriminering, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd.*

Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:

- *brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften.*

- *brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften*
- *konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften*
- *gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften*
- *brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften*
- *brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholloven § 3-2 og § 4-3*
- *brudd på reklameforbudet, jf. alkoholloven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften*
- *andre overtredelser som omfattes av alkoholloven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholloven § 3-1 sjette ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.*

5 KUNNSKAPSPRØVE

Styrer, stadfortredar og kontrollør må ha dokumentert kunnskap om alkohollova og føresegner gjeve gitt i medhald av den. Dette kravet er oppfylt ved bestått kunnskapsprøve etter alkoholforskrifta § 5-1.

- Kunnskapsprøver for sal og skjenking haldast elektronisk i servicetorget i Vestre Slidre kommune.
- Prøven skal finne stad så snart som mogleg og seinast 2 månadar etter at det er motteken melding om at prøve ynskjust avlagt.
- Det avsettast 60 minutt til å svare på prøven. Prøvetakarar med dokumenterte lese- og skrivevanskar kan etter søknad få forlenga prøvetida med 30 minutt.
- Før prøven startar, må prøvetakarar syne legitimasjon og dokumentere at prøvegebyr er betalt.
- Gebyr for prøvetaking blir sett i høve til ei kvar tids gjeldande satsar pr. avlagte prøve.
- *Ved bestått prøve lagar bevillingsmyndigheten bevis som dokumenterer at kunnskapskravet er oppfylt, jf. §5-5.*

6 GEBYR FOR SAL OG SKJENKING

6.1 Gebyr for sal og skjenking

Gebyr for sal og skjenking skal krevjast inn årleg i samsvar med forskrift kap. 6.
Gebyr blir rekna ut etter kor mange liter det er omsett av den enkelte alkoholsorten.
Gebyr blir fastsett av departementet.

6.2 Gebyr for enkeltanledningar og ambulerande løyve

For ambulerande løyve gjelder maksimumsgebyr som til ein kvar tid er fastsett i alkohollova.

7 KOMMUNALE ARRANGEMENT

Offentlege arrangement der kommunen står som eine-arrangør skal være rusfrie.

For offentlege arrangement der kommunen er medarrangør kan privat samarbeidspart søkje og stå for skjenking om det blir gjeve ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. Den private parten kan ikkje være kommunalt tilsett som i eigenskap av si tilsetting i kommunen er med og lagar arrangementet.

8 DELEGERING

Med heimel i alkohollova § 1-12 blir følgjande delegert til kommunedirektøren:

- Tildeling av sals- og skjenkeløyve for inntil 4 år
- Tildeling av skjenkeløyve for enkeltanledningar
- Tildeling av ambulerande skjenkeløyve
- Utviding av skjenketida, ut over det generelle vedtaket som er fatta av kommunestyret
- Utviding av skjenkelokale
- Godkjenning av ny styrar og nestansvarleg
- Tildele prikkar i hht. alkohollova og alkoholforskrifta. (Kommunestyret behandlar saker knytt til inndraging av løyver).

9 EVALUERING

Alkoholpolitisk handlingsplan skal evaluerast i samband med fornying av sals- og skjenkeløyve i starten av kvar valperiode, dvs. kvart 4. år, jf. alkoholloven § 6-1.

Kjelder:

Helsedirektoratet

Lovdata: Forskrifter om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften):

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538>.

Lovdata: Lov om omsetning av alkoholholdig drikk (alkoholloven):

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27>.

Nord-Aurdal: Alkoholpolitisk handlingsplan 2020-2024.